

# MALMIN

*Dei lokka meg*

1. Jageslått og Halling etter Rasmus Tveit
2. To springarar etter Olav Bråtveit
3. Springar etter Ivar Fuglestad / Lat opp flordøri etter Olav Førland
4. Masurka etter Svein P. Eikeland i form etter Siri Dyvik
5. En venn jeg havde meg en tid / Var det du eller var det deg?
6. Borgår sin
7. Her er min heim / Vals etter Ivar Melheim
8. Grimen
9. Kommer i folk i som sørgelig sitter
10. Masurka reprise

Malmin er Olav Christer Rossebø og Anders Sundsteigen Hana.

Spelt inn på Tou loftet i Stavanger i 2021. Opptak og miks av Anders S. Hana.
Mastering av Mike Grinser, Manmade Mastering, Berlin.
Framsidebilete er frå serien *Ryfylkingar* © 2009 Geir Egil Bergjord / BONO.
Kalligrafi av Vivian Majevski. Grafisk utforming av Mirja Majevski.
Bilete av felespelar Olav Bråtveit er nytta med løyve frå Ryfylkemuseet.
Utgjevinga er støtta av Norsk Kulturråd og Stavanger Kommune.

7 090010 522725

TA251

DEI LOKKA MEG — MALMIN — TA251



## MALMIN

OLAV CHRISTER ROSSEBØ –
fele, oktavfele, hardingfele, mikrotonal mandolin og triangel
ANDERS SUNDSTEIGEN HANA –
mikrotonal gitar, langeleik og munnharpe

Duoen Malmin fokuserer på folkemusikken frå Suldal og Bjerkreim i Rogaland og tek utgangspunkt i arkivopptak av dei gamle meistrane. Nokre av slåttane er lagt så tett opp til utøvaren som mogleg, medan andre er medvite dratt i andre retningar. Her vert det mellom anna eksperimentert med å filtrere nokre av slåttane gjennom munnharpe-skalaen (naturskalaen) og gamle langeleikskalaer. Instrumenta som vert nytta omfattar tradisjonelle instrument frå folkemusikken, som til dømes hardingfele, vanleg fele, langeleik og munnharpe, men her vert òg gitar og mandolin nytta. Dei to sistnemnde instrumenta har fått mikrotonalt oppsett, for å betre kunne spegle tonaliteten frå arkivopptaka.

*Folkemusikk frå Rogaland*
Rogaland har på mange måtar vore i ei musikalsk bakevje, der tida har stått stille. Den gamle slåttemusikken frå området har halde på ein tradisjonell funksjon i lengre tid, samanlikna med mange andre stader. Her fanst det aldri kjende konsertspelemenn som moderniserte og bygde ut slåttane til konsertbruk, og det forklarer nok korfor slåtteformene herifrå er konsentrerte og fokuserer på det rytmiske dansespelet. Springaren frå Suldal er ein av dei eldste springarane me har i Noreg. Han vert spelt med synkoperte, korte bogestrok, gamal tonalitet og heilt andre harmoniar og dobbeltgrep enn det me er vande med i dag. Lengre sør, i Bjerkreim, utvikla runddanstradisjonen seg på ein eigen måte gjennom å ta opp ei rekke stiltrekk frå den eldre slåttemusikken. Reinlendarar, valsar, polkaer og masurkaer fekk ein heilt spesiell bygdedansvri og vart spelte i same stil som dei eldre slåttetypane. I fleire tilfelle har nok òg gamalt melodimateriale vorte gjort om for å passe til dei nye danseformene. Rogaland har òg ein rik vokaltradisjon, og me har prøvd å spele noko av dette som instrumentalmusikk.

Me vil gjerne takka Åshild Vetrhus og Tove Solheim frå Folkemusikk-arkivet for Rogaland og Sigbjørn Apeland frå Arne Bjørndals samling for arkivopptak. Elles vil me retta ei takk til Morten Joh for Slaate-plukkaren, Børge Fjordheim for lån av båndmikrofonar, Alf Terje Hana, Niels og Anders Røine for relansering av langeleik med justerbare toneknottar, Ingeleiv Berstad, Anne Lise Frøkedal, Michael Barrett Donovan, Dag Magnus Narvesen, Erlend Viken, Espen Håland på Tou og Mirja Majevski. Og ein spesiell takk til Siri Dyvik for mange gode samtalar om folkemusikken frå Rogaland og for alle slåttane ho lærte oss.

*1. Jageslått og Halling etter Rasmus Tveit*
Opptaka med Rasmus Tveit frå Tysnes er noko av det mest særeige me har høyrt. Han har ein unik spelestil og tonalitet som me har brukt som utgangspunkt for versjonen vår. Dei gamle jageslåttane vart nytta til å jage gjestene heim når bryllaupsfesten var over.

*2. To springarar etter Olav Bråtveit*
Ein gamal suldalsspringar og ein skikkeleg suldalsversjon av springaren Folkedalen. Desse to springarane er fine døme på den synkoperte og korte bogebruken i Suldal.

*3. Springar etter Ivar Fuglestad / Lat opp flordøri etter Olav Førland*
Ein springar frå Bjerkreim og ein frå Vest-Agder. Triangelet du høyrer her er smidd av Magnar Bakke frå Vågå. Etter å ha prøvd mange ulike typar stål, var det til slutt stålet frå ei gamal høyrive som gav den rette klangen. Den lysaste strengen på fela er stemd i ein natursekst og begge slåttane vert spelte i munharpeskalaen. Olav Christer trør springar og Anders trør gangar på dette opptaket.

*4. Masurka etter Svein P. Eikeland i form etter Siri Dyvik*
Siri Dyvik laga ei heilt eiga form på denne slåtten, og denne flotte masurkaen vert no spelt av felespelarar over heile landet. Versjonen vår har ein friare rytmikk, og tonaliteten vår tar utgangspunkt i ein gamal langeleikskala. Svein P. Eikeland budde i Bjerkreim.

*5. En venn jeg havde meg e r var det deg?*
Ei kjærleiksvise etter Åsmund Tveitane frå Suldal og ein populær gamal vals på Torvald Austrumdal sin måte. Garden Austrumdal ligg i Bjerkreim kommune. Den låge sekunden går igjen i begge låtene, og den vesle felesoloen i midten er inspirert av aust-kretisk felespel.

*6. Borgår sin*
Ein gangar frå suldølingane sine gode naboar i Setesdal. Her følger hardingfela munnharpeskalaen. Me speler slåtten fritt etter Torleiv H. Bjørgum og Daniel Sandén-Warg.

*7. Her er min heim / Vals etter Ivar Melheim*
Ein melodi etter songaren Marta Bråtveit frå Suldal og ein vals frå Nordfjord notert ned etter Ivar Melheim i 1863.

*8. Grimen*
Ein kveld han var ute og gjekk nedved elva, høyrde Olav Christer nokre forunderlege tonar. Så snart han kom heim, tok han opp fela for å fange det han hadde høyrt.

*9. Kommer i folk i som sørgelig sitter*
Ein religiøs folketone etter Marta Bråtveit.

*10. Masurka reprise*

## MALMIN

OLAV CHRISTER ROSSEBØ –
fiddle, octave fiddle, Hardanger fiddle, microtonal mandolin and triangle
ANDERS SUNDSTEIGEN HANA –
microtonal guitar, langeleik and jaw harp

In this project we focus on the traditional folk music of Suldal and Bjerkreim in Rogaland. Having taken the archive recordings of the old masters as a common point of departure, our interpretation of each tune varies from closely resembling the original source to being quite different. We have, among other things, experimented with filtering some of the tunes through the jaw-harp-scale (the harmonic series) and old langeleik-scales. We use traditional instruments such as Hardanger fiddle, fiddle, langeleik and jaw harp, but also guitar and mandolin, which we have given a microtonal makeover for to try to come closer to the tonality in the archive recordings.

*The traditional folk music of Rogaland*
Rogaland has in many ways served as a musical backwater untouched by the currents of fashion that swept through other areas of the country. There were never famous concert fiddle-players who modernized and extended the tunes for use in performances and the old tunes from the area have maintained a traditional function longer than many other places; tune-structures from Rogaland are concentrated and focused on rhythmic dance playing. The Springar from Suldal is one of the oldest surviving in Norway today. It is played with syncopated, short bow-strokes and old tonality as well as harmonies and double-stops that are distinct from those we are used to today. Farther south, in Bjerkreim, a round-dance tradition developed while incorporating a number of stylistic features of the old tunes. Reinlenders, waltzes, polkas and mazurkas all received their own twist and were played in the same style as the old tune-types. In several cases old melodic material was likely used and repurposed in the new dance forms. We have also learned to play some of the music from Rogaland's rich vocal tradition on our instruments.

*1. Jageslått and Halling from Rasmus Tveit*
The recordings of Rasmus Tveit from Tysnes are some of the most peculiar we have heard. He has both a unique playing style and tonality that we have used as a point of departure for our version. The old jageslåttene were played to shoo the lingering guests away in the direction of home when the wedding party was over.

*2. Two springars from Olav Bråtveit*
Here we play an old springar from Suldal and then a properly Suldal-stylized version of the springar Folkedalen. These two springars are good examples of the syncopated, short bow-strokes used in Suldal.

*3. Springar from Ivar Fuglestad / Lat opp flordøri from Olav Førland*
This is a springar from Bjerkreim and then one from West Agder. The triangle you hear in this recording was smithed by Magnar Bakke from Vågå after having tested many different types of steel. In the end it was the steel from an hay rake that produced the right sound. The highest string on the fiddle is tuned up to the interval of a natural sixth and both tunes are played in the jaw-harp scale. Olav Christer stomps the springar rhythm while Anders stomps the gangar rhythm.

*4. Masurka from Svein P. Eikeland, as played by Siri Dyvik*
This tune and its source (Svein P. Eikeland) come from Bjerkreim. Siri Dyvik made a version, completely her own,that is now played throughout the country. Our version is more rhythmically free and played with an old langeleik scale.

*5. En venn jeg havde meg en tid / Var det du eller var det deg?*
This is a love song from Åsmund Tveitane from Suldal and a popular old waltz in Torvald Austrumdal's style. A low second scale degree is used in both tunes and the fiddle solo is inspired by Eastern Cretan fiddle-playing.

*6. Borgår sin*
This gangar comes from Setesdal, a neighbour-valley to Suldal. In this tune, which we are playing freely after Torleiv H. Bjørgum and Daniel Sandén-Warg, the jaw harp scale is played on the Hardanger Fiddle.

*7. Her er min heim / Vals from Ivar Melheim*
First we play a melody from Marta Bråtveit, a singer and native of Suldal, and second we play a waltz from Nordfjord that was transcribed from the fiddle player Ivar Melheim in 1863.

*8. Grimen*
Out one evening, walking down by the river, Olav Christer heard a tune which was as charming and mysterious as it was barely audible, lilting over the sound of the rushing water. Just as soon as he had returned home through the front door he scooped up his fiddle and tried to piece together again the melody that had found him near the riverbank.

*9. Kommer i folk i som sørgelig sitter*
A religious folk song from Marta Bråtveit.

*10. Masurka reprise*

English translation by Michael Barrett Donovan.